

NVE
Boks 5091
0301 OSLO

Vår ref.:
06/09-JON

Dykkar ref.:
200806648

Dato:
11.03.09

Saksbehandlar: Arnodd Håpnes, tlf.: 23 10 96 13,
e-post: ah@naturvern.no

Melding for 450/500 kV likestrømskabel Norge-Danmark (Skagerrak 4) - SRNs høringssvar

Vi viser til melding for ovannemnte prosjekt, som SRN ikkje har fått på ordinær høring, men som vi likevel har blitt orientert om via andre instansar. Dette er eit omfattande tiltak, som kan få store negative konsekvensar for naturverdiar, landskap, friluftsliv, biologisk mangfald, kulturminne og reiseliv, avhengig av alternativ. SRN vil derfor komme med noen merknader til meldinga og forslaget til KU.

Vi vil samtidig takke for at vi har fått noen dagars forlenga høringssfrist.

Generelt om prosjektet

SRN vil isolert sett ikkje gå mot ein ny strømkabel til utlandet. Vi har i lengre tid argumentert for at det er fornuftig å legge til rette for ein godt fungerande nordeuropeisk kraftmarknad. Ein av dei kritiske faktorane i eit slikt system er utvekslingskapasiteten mellom viktige kraftproduserande land. Det er derfor fornuftig å bygge nye kablar mellom Norge og kontinentet. På den måten blir flaskehalsane redusert, og vi blir mindre avhengig av produksjonen i det enkelte land. Norge blir heller ikkje så sårbart for variasjonar i nedbør og temperatur. Vi kan altså redusere kravet til leveringssikkerheit og tørrårssikring.

SRN frykter likevel at bygging av ny kabel til Danmark med ein kapasitet på 600 MW vil føre til auka press regionalt for bygging av småkraft og vindkraft og ikkje minst tiltak for å styrke effektkapasiteten. Dette er vi særst skeptiske til fordi norsk vassdragsnatur har ofra nok, og fordi det ikkje er utarbeidd fylkesvise planar for vind- og småkraft i regionen. Meir effekt betyr ofte nye, store reguleringsmagasin, og epoken med slike store utbyggingar rekner vi for å vere over. SRN vil derfor advare sterkt mot å bruke ein eventuelt ny kabel som argument for å bygge ned urørt, intakt natur for kraftproduksjon.

Merknader til meldinga

Først vil vi peke på at i opplistinga av nødvendige løyve etter ulike lovverk i kap. 3.4 er strandplanloven nemnt. Den vart erstatta av plan- og bygningsloven (pbl) i 1985, så tiltak i 100 m-beltet mot sjø må definitivt ha dispensasjon etter reglane i pbl.

Vi vil også kort vise til at i kapittel 4 blir det gitt mangelfull informasjon om mastenes dimensjonar. Der står det at avstanden frå bakken til underkant av travers normalt er 25-30 m (varierende frå 20-45 m), men dette er misvisande. For mastene med tre polar ser det av figuren ut til at den totale høgda blir ca. 50 m, i enkelte tilfelle opp mot 70 m. Desse måla må stå i søknaden. Ei høgde på 50-70 m er svært mye, og slike master vil rage høgt over alt anna, også i storvokst skog, og vil kunne bli svært dominerande i landskapet.

Statnett har foreslått to hovudalternativ for ilandføring av kabelen. I tillegg er det vurdert enkelte andre traséløysingar, men desse er ikkje tatt med i søknaden. Vi kommenterer alle alternativna slik også tiltakshavar har bedt om.

Alternativ 2.0-1.0 Otra

SRN vil vise til at det er lite erfaring og kunnskap knytt til å legge kablar i elv. Otra er ei verdifull, bynær og lakseførande elv, og laksestammen er i ferd med å bli reetablert. Vi er redd legging av kabel vil ha negativ effekt på gyte- og oppvekstområde, og om elva må stengast under prosessen med kabellegging kan slik tørrelgging vere svært kritisk. Samtidig er det viktig å få svar på om elvebotnen blir fullstendig rehabilitert etter nedgraving av kabelen. Dette vil bl.a. ha stor betydning for tilgangen på gytegroper og oppvekstområde for fisk.

Oppsummert kan tiltaket ha negative effektar både på fisk, botnfauna og anna dyreliv, dvs. på økosystem i vassdrag. Det er også stor usikkerheit knytt til elektromagnetiske felt i ferskvatn, slik meldinga også peker på.

For dette alternativet er det positivt at luftlinja berre blir ca. 3 km lang og at den vil gå parallelt med eksisterande likestrømslinje. SRN vil ha minst mulig luftlinje, og støtter sterkt prinsippet om å samle inngrep og legge nye linjer mest mulig inntil gamle.

Alternativ 2.0-2.1-2.1.1 Ålefjær

Ved dette alternativet unngår ein kabel i vassdrag, men får til gjengjeld ei luftlinje som er heile 17 km lang og som går i relativt urørte område, gjennom viktige turområde, eit verneområde og viktige naturtypelokalitetar (rik skog). Dette er uheldig både landskapsmessig, for friluftsliv og biologisk mangfald. Det blir også eit svært synlig ryddebelte (30-50 m) i stor skog.

Alternativ 1.0 - ilandføring Sandvikdalsfjorden

Kabelen vil krysse eit landskapsvernområde i sjø og kjem i strandsona i konflikt med eit spesialområde for fornminne. Kraftlinja vil krysse Søgneelva, som er verna mot kraftutbygging. Den vil også gå innom viktige turområde, eit område med dyrelivsfreding og eit inngrepsfritt areal. SRN vurderer konfliktpotensialet som for stort til å gå vidare med dette alternativet.

Underalternativ til 2.0 - ilandføring i Kvivika

Traseen har kort luftlinje og krysser Otra relativt langt oppe, men går i ytterkanten av Skråstadheia naturreservat og gjennom regionalt viktige friluftsområde. SRN er usikker på om ein bør gå vidare med dette alternativet.

Alternativ 3.0 - ilandføring ved Kvarenes

Traseen vil tangere eit naturvernområde etter pbl, krysse Ånavassdaget (står feilaktig Åsnavassdraget i meldinga), som er verna mot kraftutbygging, og vil også krysse Tovdalsvassdra-

get (står Topdalselva i meldinga) nær utløp. Denne delen av elva blir snart verna mot kraftutbygging. Alternativet inneber i tillegg relativt lang luftlinje sjølv om den der det er mulig blir lagt inntil eksisterande kraftlinje. SRN vil pga. konfliktnivået ikkje tilrå at Statnett går vidare med dette alternativet.

Alternativ 4.0 - ilandføring ved Kvåse

Traseen unngår Ånavassdraget, men har elles dei same ulempene som alt. 3.0, og gir ei svært lang luftlinje. SRN vil ikkje tilrå å gå vidare med dette alternativet.

Forslag til KU-program

Statnetts utkast ser ut til å ha med dei fleste aktuelle og relevante fagtema, og det er lagt opp til grundig behandling av kvart tema. SRN vil likevel understreke at det ikkje er tilstrekkelig å beskrive kjente førekomstar av ansvarsartar og sjeldne/trua artar. Her er det behov for grundig kartlegging, altså innsamling av ny kunnskap. Også når det gjeld legging av kabel i elv (Otra) er det behov for omfattande og grundig kartlegging av mulige konsekvensar for økosystemet, ikkje minst for laks, andre fiskeartar og vassfauna generelt.

Vi sakner også verna vassdrag som eit tema under naturmiljø og verneverdiar. Her bør det vere ein omtale av dei verna vassdraga innafor planområdet (dei aktuelle traséalternativa), og kva slags inngrep kryssing av elvene inneber.

Turisme må vere eit eige tema i KUen. Ilandføring av kabel og bygging av kraftlinje kan få negative konsekvensar for naturoppleving, og kan dermed verke inn på ein viktig faktor for reiselivsnæringa. Mulige negative effektar for reiselivet må kartleggast.

Kartgrunnlaget er altfor dårlig, og det bør både lagast tydelige oversiktskart og detaljkart for alle traséalternativ som blir vurdert i søknaden.


Konklusjon

SRN vil ikkje gå mot bygging av ny kabel til Danmark. Betre utvekslingskapasitet mot kontinentet er viktig for å få Nord-Europa til å fungere som ein kraftmarknad, og vil samtidig auke leveringssikkerheit og tørrårssikring i Norge. Vi vil likevel advare mot å bruke ein ny kabel som argument for storstilt små- og vindkraftutbygging utan at fylkesvise planar er på plass.

Av dei vurderte alternativa for ilandføring av kabelen kombinert med luftlinje finn SRN trasé 2.0-1.0 - Otra mest interessant. Denne konklusjonen er basert på ein klar føresetnad: at kabling i Otra **ikkje** kjem i nokon som helst konflikt med økosystem i elva, inkludert gyte- og oppvekstområde for fisk. Dette må i så fall så grundig som mogeleg vera undersøkt og dokumentert før eventuelle inngrep vert gjort.

Dei andre alternativa ser ut til å ha større negative konflikstar, men alternativet med ilandføring i Kvivika bør kanskje vurderast nærmare, særleg viss ein unngår at traseen vert lagt i eller inntil naturreservat og regionalt viktige friluftsområde.

Med vennlig helsing



Arnodd Håpnes
SRN-sekretær